Velkomen til T4-dag

Barnebibel til 4-åringane



Kjære 4- åringsheim

De har no eit barn, fødd i 2022 og truleg døypt ei tid etter det. Saman med 4- åringen er de invitert til T4-dag.

Sundag 29. nov. er 1. sundag i advent.
Kl. 11:00 denne sundagen, er de velkomne til Bolstadøyri bedehus. Her skal me ha ei kjekk gudsteneste saman, med blant anna utdeling av Barnebibelen til fireåringane. Etterpå kosar me oss med deilig kyrkjekaffi/-saft.

Heile familien er velkomen.

STØRST AV ALT
BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Gje beskjed:
-om barnet treng spesiell tilrettelegging eller om det er betre med lydbok.
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om det er greit at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett e.l.

Bøn:
Kjære Gud, ta handa mi,
slepp den aldri ut or di.
Lei meg på din veg i dag,
gjer meg trygg og sterk og glad.
Amen

Påmelding innan
torsdag 26. november
på www.voss.kyrkja.no eller bruk QR-koden.
I skjemaet gjev de oss opplysningar me treng.

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.
Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.
I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua. Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.

Kyrkja i Voss
Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss,
Tlf. 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no